



ÅRSMØTEPAPIR TIL FYLKESÅRSMØTET 9.JUNI 2021

TIL SAK NR 4 – Årsmelding 2020 frå fylkesstyret

Hovudintrykk

Også i 2020 synte meiningsmålingane eit godt fleirtal mot norsk EU medlemskap, men nokre av målingane synte mindre fleirtal enn me er vane med dei siste åra.

På spørsmål om EØS avtalen synte dei fleste målingar eit fleirtal for å behalde denne. Grunnen til dette kan nok vera måten spørsmålet er stilt på, og det vert hevda at heller ikkje alternativa til EØS avtalen er lagde fram. Ein annan grunn kan nok vera at media synest å vere svært positive til EU og EØS avtalen og synest å ha ei lite nyansert og balansert framstilling av dette, noko som sjølvsgt syner seg i det dei formidlar. Ein kan ofte vere freista til å kalle det desinformasjon.

Det ser likevel ut som fagrørsla er meir tvilande til EØS avtalen no enn for nokre år sidan. Fleire fagforbund har gjort landsmøtevedtak om å ville seie opp avtalen, og på siste landsmøtet i Fellesforbundet vart det vedteke å krevje utgreiing av alternativ til EØS.

Medlemsutvikling

Ved årsskiftet 2020--2021 var medlemstalet i fylkeslaget 521 betalande medlemmer. I 2019 var medlemstalet på 573 betalande medlemmer. Det betyr at medlemstalet har gått ned med 52 medlemmer i 2020. På landsbasis har medlemstalet og gått noko ned, med ein nedgang på 720 medlemmer. Det er berre fylkeslaga Finnmark og Hordaland som har auka medlemstalet med 8 og 13 medlemmer.

Ein grunn til nedgangen kan vere dei "coronarestriksjonane" me har hatt i 2020, som la ein stor dempar på utadretta verksemnd i samband med møte, utstillingar og liknande tilskipingar der me tidlegare har vore til stades og verva nye medlemmer. Me har nok heller ikkje jobba aktivt nok med å kontakte og få medlemmar som har gløymd å betale til å fornye medlemskapen.

Årsmøtet 2020

Årsmøtet 2020 vart halde på Kokkeklassen, Vesterveien 134, på Hisøy i Arendal den 17.juni. Det var 19 frammøtte medlemmer. Frå sentralt møtte nestleiar i Nei til EU Idar Helle. Frå Vest-Agder Nei til EU møtte Magnar Nomedal. Nestleiar Idar Helle gav møtet ei oppdatering av kva saker som står øvst på dagsorden hos Nei til EU sentralt. Han gav oss ei mengd nyttig informasjon og vurdering av den politiske situasjonen og kva saker som ville bli prioritert i næraste framtid.

Det vart ikkje vald valnemnd på årsmøtet 2019, men overlete til fylkesrådsmøtet. Dette vart diverre ikkje gjort på fylkesrådsmøtet hausten 2019. Det vart heller ikkje forslag til valnemnd til fylkesårsmøtet 2020. Årsmøtet valde Helge Thorbjørnsen til å leie valnemnda, og påla fylkesstyret å syte for at dei andre medlemene skulle velgjast på fylkesrådsmøtet hausten 2020.

På grunn av at det ikkje vart vald valnemnd på årsmøtet 2019, sa dei styremedlemene som blei valde i 2019, seg viljuge til å halde fram som fylkesstyremedlemmer fram til årsmøtet 2021. Alle var spurde og sa seg viljuge til dette. Alle vart samrøystes valde. Styremedlemene er: Olav Lidtveit-leiar. Marit Lyby Bakke. Paul Magnus Gamlemshaug. Tora Jakobsen. Ingrid Skårmo. Helge

Thorbjørnsen. Odd Arne Gabrielsen. Jarle Brandsdal. Varamedlemene er: 1 Vara: Olaf Bakke. 2 Vara: Torolf Aanonsen. 3 Vara: Bjørn Arne Engen.

Som revisor vart Oddvar Støle vald.

Fylkesstyret

På styremøtet den 20.08.2020 konstituerte det nye styret seg på denne måten:

Olav Lidtveit -- direktevald leiar.

Marit Lyby Bakke -- nestleiar.

Tora Jakobsen -- sekretær.

Paul Magnus Gamlemshaug -- kasserar.

Desse fire utgjør arbeidsutvalet.

Ingrid Skårmo -- kvinnekontakt.

Helge Thorbjørnsen — verve-ansvarleg.

Odd Arne Gabrielsen — medlemsregister-ansvarleg.

Jarle Brandsdal -- styremedlem.

Fylkesrådsmøtet 2020

Fylkesrådsmøtet 2020 vart halde på Kokkeplassen, Vesterveien 134, på Hisøy i Arendal den 5. oktober 2020. Det var 10 frammøtte medlemmer og 2 gjester frå Vest--Agder Nei til EU. Frå sentralt møtte Jan R. Steinholt som heldt eit foredrag om jernbanepakke 4. Han svara også på spursmål frå salen.

På rådsmøtet vart det vald medlemmer til valnemnda. Desse vart samrøystes valde: Alfred Skår Kylland og Linda Jane Storhaug. Som varamedlem vart Elen Mona Sæsbø vald. Som leiar for valnemnda var Helge Thorbjørnsen vald på årsmøtet 2020.

Det vart også føreteke val av delegatar til landsmøtet. Desse vart samrøystes valde:

Leiar Olav Lidtveit -- Helge Thorbjørnsen -- Odd Arne Gabrielsen -- Olaf Bakke -- Tora Jakobsen -- Ingrid Skårmo -- Marit Lyby Bakke. Vararepresentantar vart: 1.vara Tone Midttun. 2.vara Torolf Aanonsen. 3.vara Torunn Skåltveit Olsen. Styret fekk fullmakt til å supplere varalista ved behov.

Det vart også drøfta på rådsmøtet korleis me skulle avvikle det digitale landsmøtet som det vart vedteke av leiinga i Nei til EU. Me drøfta dette saman med Ole Langeland og Magnar Nomedal frå Vest -Agder Nei til EU, og me vart samde om å bruke hotellet Scandic Sørlandet som felles møtestad.

Andre verv i Nei til EU

Paul Magnus Gamlemshaug sit som direktevald til rådet i Nei til EU.

Styrets arbeid

Styret har i kalenderåret hatt 4 ordinære styremøte, 21.januar, 24.februar, 20.august og 21.september. Me har i tillegg hatt årsmøte og fylkesrådsmøte og 2. desember 2020 felles jolemøte med styret i Vest-Agder Nei til EU på Ungdomshuset i Øvrebø.

Styret og vararepresentantane til styret samarbeider svært godt og me fordeler oppgåvene oss imellom. Me har også kontakt oss imellom på telefon og e-mail utanom dei formelle styremøta. På grunn av corona-epidemien og dei tiltak som styresmaktene sette i verk. I samband med dette, har

mykje av kommunikasjonen i styret gått på elektroniske media. Dette er også grunnen til at me ikkje har hatt så mange "ordinære" styremøte som ein kunne ynskje.

Arrangement

Aust-Agder Nei til EU har i mange år delteke på messa "Naturligvis" på Evjemoen i samarbeid med Vest-Agder Nei til EU og lokallaget i Evje og Hornnes. Me har også i mange år delteke på Arendalsuka i samarbeid med Nei til EU sentralt og lokallaget i Arendal. Me har også fått god hjelp av Vest-Agder Nei til EU.

Me har ofte også delteke på møte og tilskipingar i samarbeid med andre organisasjonar. 13.februar var Aust-Agder medarrangør saman med Agder Bondelag og Attac Aust-Agder for eit ope møte om Matsikkerheit. Møtet blei halde i Auditoriet på Biblioteket i Arendal. Styremedlem i Attac Norge Aksel Nærstad innleidde om «Kan nok sunn mat til alle mennesker produseres og fordeles bærekraftig?» og Organisasjonssjef på Agderkontoret i Bondelaget Finn Åsheim innleidde om «Matproduksjon og beredskap».

På grunn av coronarestriksjonane som kom i mars vart både «Naturligvis» og Arendalsuka avlyst. Dette har også ført til at dei fleste organisasjonar og samskipnader har måtte gjere det same. Dette har sjølvstøtt ført til at vår "utadretta" verksemd har vorte sterkt begrensa.

Representasjon og deltaking

Me har delteke på leiarmøte på telefon og teams i regi av leiinga i Nei til EU. Dessutan har me delteke i vervekampanjen som vart gjennomført på vårparten 2020.

Landsmøtet i Nei til EU skal haldast annankvart år, og 2020 var "landsmøteår". På grunn av forbod mot store forsamlingar av folk vart landsmøtet gjennomført på "teams". Me samarbeidde om å få til dette med Vest-Agder Nei til EU. Leiaren i Vest-Agder Nei til EU, Ole Langeland, tinga kvart vårt møterom på hotell Scandic Sørlandet.

Før landsmøtet deltok me på kurs for å lære å delta på "digitalt landsmøte". Kurset vart halde på Stoa via internett. Kvar landsmøtedelegasjon skulle ha ein sokalla teknisk ansvarleg. Odd Arne Gabrielsen sa seg viljug til dette.

Landsmøtet vart halde den 6. og 7. november. Det synte seg at det vart behov for ein kvinneleg representant i landsmøtedelegasjonen vår, for å ivareta kjønnsbalansen. Maryanne Lidtveit sa seg viljug til å delta. Landsmøtet 2020, var eit "forenkla" landsmøte der berre dei sakene som etter vedtektene måtte handsamast vart tekne opp. Den viktigaste saka var val av ny leiar etter Katrine Kleveland. Aust-Agder Nei til EU hadde sendt inn forslag på Roy Pedersen som ny leiar. Roy Pedersen vart vald.

Det er vorte tradisjon å ha eit felles jolemøte saman med Vest-Agder Nei til EU, både for sosialt samvær og å samtale om saker me kan vere saman om. I år var det deira tur til å vere vertskap og «tradisjonen tro» var det Jolegraut på menyen. Møte vart halde i lokala til Øvrebø ungdomslag.

Organisatoriske saker

Også i 2020 har me fått god hjelp av fylkessekretærordninga, og det syner seg at dette "har gått seg til". Me har til dømes fått god hjelp til skriving og utsending av innkalling og sakliste i samband med årsmøte og rådmøte. Det er nærast ein føresetnad at kommunikasjonen går føre seg på telefon eller nett om dette skal fungere.

Ungdom mot EU / Studentar mot EU

Det er ikkje registrert lokal aktivitet i Aust-Agder i desse laga i 2020. Etter søknad frå Ungdom mot EU sentralt, løyvde me 10 000 kr. til deira arbeid.

Kontakt med lokallaga

Aust-Agder Nei til EU har kontaktpersonar i dei fleste kommunar i det tidlegare Aust-Agder fylke. Dei fleste lokallaga er no definert som passive («sovande») og har ikkje hatt årsmøte eller annan aktivitet på mange år, sett bort frå lokallaget i Arendal som er det einaste lokallaget som framleis er definert som aktivt. Men organisasjonen er der.

Kampanjesaker i Nei til EU

Det som har vore den viktigaste saka for oss også i 2020 er kampen for å få Noreg ut av EØS avtalen.

Også i fjor har den sokalla ACER saka vore arbeidd mykje med. Då saka kom opp i Stortinget, vart det vedteke å slutte seg til EU sitt energikontor ACER. Dette meinte Nei til EU at var så stor ei suverenitet-avståing at det ikkje kunne avgjerast med vanleg fleirtal men etter paragraf 115 i grunnlova. Nei til EU meinte difor at saka motte prøvast for domstolane. Denne saka skal opp i høgsterett på etterjulsvinteren 2021.

Ei anna viktig sak som det også er arbeidd mykje med i Nei til EU, er den sokalla jernbanepakke 4, som går ut på å setje jernbanedrifta ut på anbod. Dette medfører at det er EU sine lover og reglar som skal gjelde for jernbanedrift i Noreg. Stortinget skal ta ei avgjersle på dette før sommaren.

Politiske vurderingar

I denne stortingsperioden har det vore fleirtal mot norsk EU medlemskap, men fleirtal for EØS avtalen på Stortinget. Difor vert stadig fleire direktiv og forordningar frå EU innførde i norsk lov og regelverk. Hittil er det inførd omlag 12500. Held dette fram, er det lett å forstå at norsk lov og sjølvråderett forvitrar og fører oss so å seie inn i EU gjennom bakdøra.

Me skal likevel vere klår over at det er mange i samfunnet som delar vårt syn i denne saka. Ikkje minst er det stor og aukande motstand mot dei konsekvensar dette har fått og vil få for løns- og arbeidsvilkår i samfunnet vårt. På siste LO kongress var det stor debatt om EØS avtalen. På landsmøtet i fellesforbundet hausten 2019 var det også debatt om denne avtalen. Dette vil truleg bidra til å presse Arbeiderpartiet meir i vår retning sjølv om det nok "sit langt inne".

Til hausten er det stortingsval og det vert spanande å sjå kva resultatet av valet kjem til å bety for vår sak. På nokre av dei siste meningsmålingane ser det ut som dei sokalla raudgrøne partia kan få fleirtal. Isfall kjem det an på kva resultat forhandlingane i etterkant kjem fram til, og ikkje minst kva andre koalisjonar som kan bli aktuelle.

Det vert også interessant å sjå den vidare utviklinga i EU, no når Storbritannia har gått ut av unionen, og kva dette vil bety for oss. Dessutan går det rykte om at andre land i EU har vore inne på tanken å gå ut.

Me går spanande tider i møte. Sjølv om mangt kan hende i tida framover må me likevel vere klår over at det framleis er krefter i Noreg som vil ha oss inn i EU. Difor er det viktig å halde fram med arbeidet vårt for eit fritt og sjølvstendig land.